

Gnr/Bnr 5/96

Off. adresse: Lægroidsvegen 37

Samla areal på eigedomen: 2220 m²

Areal som er regulert til bustad(BFS11) er 975 m²

Utnyttingsgrad er 30% BYA av 975m²


Avkjøring frå Lægroidsvegen

Merknader og anna informasjon om eigedomen:

- Tomta kan byggjast med einebustad eller tomannsbustad. Pga. nærleiken til Gamle-kyrkja, må byggesøknad til uttale hjå antikvarisk mynde (fylkeskommunen)
- Krav om 2 parkeringsplassar inne på eigedomen, pr. bueining
- Areal regulert til bustad (gult i plan) kan nyttast til bebyggelse
- Det er teikna inn 4 meters byggegrensar mot vest, sør og aust, i tillegg til byggegrensar
- kan eit nytt bustadhus ikkje liggja nærare enn 8 meter frå uthuset som ligg på naboegedomen. Dette kan fråvikast ved særskilt branniltak
- Areal teikna med skravur nord på eigedomen er båndlagt av omsynsone og har strenge restriksjonar for bruk. Areallet må haldast som plen/hage.
- Offentlig - VA ligg klart for tilkopling inn på tomta
- Sjå eigen uttale frå fylkeskommunen på baksida

● Påkoplingspunkt for offentlig vatn/avløp

— Eigedomsgrense med grensepunkt



Uttale frå fylkeskommunen angående eigedomen 5/96.

Eigedomen ligg som ein del av eit kulturmiljø med regional og nasjonal verdi. Eigedomen grenser til Eidfjord gamle kyrkje med omgjevnadene rundt som er eit kulturmiljø med høg regional og nasjonal verdi, beståande av kulturminne frå førhistorisk tid og nyare tid. Eidfjord gamle kyrkje (Askeladden id 84069), er datert 1210 og automatisk freda. Kyrkjegarden, som også er automatisk freda, er frå høg mellomalder. På kyrkjegarden til mellomalderkyrkja finst to steinar med bergkunst frå jernalder/bronsealder, både sekundært plassert Askeladden id 102124). Bygningane på Lægreid og Eidfjord gamle kyrkje vert regulerte i tråd med eksisterande situasjon

Det finst altså ei rekkje nyare tids kulturminne i og i tilknytning til planområdet som er ein viktig del av det heilskaplege bygning- og kulturmiljøet på Øvre Legreid. Den omsøkte eigedomen, med Klokkargarden som er riven, er ein viktig del av bygningsmiljøet rundt den gamla kyrkja og kyrkjegarden. Eigedomen på g/bnr 5/96, ligg tett opp mot kyrkja og kyrkjegarden og både byggesak og opparbeiding av tomt vert vurdert i denne situasjonen. I dag er det grasbakke innafør omsynslyssona, noko vi ser som naturleg å vidareføre og med nye eigare.

Vi har vore opptatt av at føresegnene må setja krav om at byggjesaker som får verknader for kyrkja og det gamle kulturmiljøet på Lægreid er dekkjande.

Fylkeskommunen, vil på bakgrunn av føresegna vurdere tiltak på eigedomen med mellom anna arkitektur/fasadar og materialval, høgde og volum, nær og fjernverknad. Det skal takast omsyn til *areal, bygningar og anlegg i planområdet med eldre bygningar som ligg i og grenser til planområdet, då dei er viktige kulturminne med høg opplevings- og kunnskapsverdi. Tiltaket med fasadar og landskap mot kyrkje og det gamle kulturmiljøet skal vurderast særleg.*

Vi vil rå til at nye tiltak på eigedomen ikkje reduserer den historiske samanhengen i kulturmiljøet. Viktig at eit sal av eigedomen ikkje medfører konflikt med kulturminne. Det er dette som vert vurdert nå saka kjem på høyring hos oss. Det vert vanskeleg å sei noko meir konkret utover dette